



Møre og Romsdal fylke



Studentar ved høgskulane i Møre og Romsdal,  
Elevar ved dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
Namn	Dato	Ole Helge Haugen		10.11.2008

## Vinn eit Nikon D80 kamera.

Møre og Romsdal fylke inviterer til fotokonkurranse for studentar og elevar i vidaregåande skole i fylket.

Vi jaktar på kreative og spennande foto som skal nyttast i den nye Fylkesplanen for Møre og Romsdal (2009-2012).

Fylkesplanen har visjonen "**Vi vågar litt meir**", og dette ønskjer vi å spegle gjennom kreative og spennande bilete. Fylkesplanen har tre hovudsatsingsområde som skal visualisere visjonen. Bileta vi er ute etter, må kunne spegle minst eitt, eller ein kombinasjon av områda:

- **Kultur**
- **Kompetanse**
- **Verdiskaping**

Det er sett ned ein jury som skal vurdere bileta, og dei sju beste bileta vert premierte.

### Premiane er:

**Hovudpremie : Nikon D80 kamera (verdi kr. 6000,- )**

**2.- 4. plass : kr. 2000,-**

**5.- 7. plass : kr. 1000,-**

I tillegg til premiering av dei beste bileta, vil Møre og Romsdal fylke ha rett til å kunne kjøpe bilete som ikkje når topplassering i konkurransen for kr. 500,- pr. stk.

Bileta må vere av høgoppløysleige og gje god trykkekvalitet. Dei skal lastast opp på [www.mrfylke.no/foto](http://www.mrfylke.no/foto). Sjå rettleiing for opplasting inne på nettsida.

**Frist for innsending av bilete er fredag 28. november 2008.** Vinnarane vert kunngjort på Møre og Romsdal fylke si nettside fredag 5. desember.

**Vær kreativ – og bli med å skape framtida i Møre og Romsdal.**

Med spenstig helsing frå

Ole Helge Haugen,  
Fylkesplansjef.